

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

1. Heimel og eigarforhold

Alver kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane. Ordningane er drivne med heimel i Opplæringslova § 13-7 samt dei til ei kvar tid gjeldande vedtekter.

Forhold som er regulert i Opplæringslova med gjeldande forskrift, er ikkje tatt med i vedtektene. Dette gjeld t.d. elevane sitt skulemiljø (Opplæringslova kapittel 9A), krav om politiattest (Opplæringslova § 10-9, tilhøyrande forskrift § 15) og reglar om teieplikt (Opplæringslova § 15-1, jfr. Forvaltningslova §§ 13-13-ff.)

2. Formål

Skulefritidsordninga (SFO) er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen. SFO har som mål å gje barna på 1.-4. trinn i grunnskulen tilsyn og omsorg. SFO er òg eit tilbod til barn med særskilde behov på 1.-7. klassetrinn. Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

3. Opptaksmynde og opptakskriterium

Det er rektor som er ansvarleg for opptaket. Skulefritidsordninga er eit tilbod til barn på 1.-4. trinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Skulefritidsordninga har skulen som lokasjon. Alle barn på 1.-4. trinn som søker innan fristen 1.mars, vil få plass. Barn med særskilde behov på 5.-7. trinn vil kunna bli tildelt plass etter ei nærare vurdering.

I vurderinga av opptak av barn med særskilde behov på 5.-7. trinn, vil kommunen lytta til råd og vurderingar frå ulike instansar som kjenner barnet, t.d. PP-tenesta, som kan ha nyttig informasjon om fungeringa og behova til barnet. Utgangspunktet er at barnet har særskilde behov som òg medfører omfattande tilsynsbehov. Barnet må kunna gjera seg nytte av SFO-tilbodet.

Barn med særskilde behov har ikkje rett til spesialundervisning i skulefritidsordninga, då skulefritidsordninga ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. Kapittel 5 i Opplæringslova gjeld berre for grunnskuleopplæringa.

Barn som flyttar internt i kommunen og som har plass på SFO, skal få tilbod om plass i SFO ved den skulen dei flyttar til.

4. Opptaksperiode og oppseiing av plass på skulefritidsordninga

Hovudopptak for hausten skjer om våren med søknadsfrist 1.mars. Fortløpande opptak kan skje gjennom året om bemanning og lokalitetar tillèt det.

SFO-året byrjar 1.august. Opningstida er i tidsrommet før og etter skuletid 07:30-16:30. Den einskilde skule kan ha opningstid mellom 07:00 og 17:00. Økonomiske og organisatoriske omsyn må takast med i vurderinga av utvida opningstid. Saka må drøftast i skulen sine rådsorgan.

På følgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod (11 månader) med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.mars: Alversund, Grasdal, Knarvik, Leiknes, Lindås, Manger, Rosslund, Vestbygd, Sagstad, Seim og Sæbø. Elevar frå andre skular vil få tilbod om SFO i den 11. månaden (ferieekene) på ein av desse skulane.

SFO vil vera stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan og onsdag før påske frå kl.12. I juli månad er SFO stengt.

Søknad om plass sendast elektronisk til der eleven har skuleplass. Tildeling av plass, avslag på søknad om plass og oppseiing av plass er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Klage på vedtaket skal sendast til Alver kommune v/kommunalsjef oppvekst.

Tildeling av plass gjeld frå startdato til og med 4.trinn. Barn som har fått plass på grunn av særskilde behov frå 5.trinn, har plassen til og med 7.trinn, eller til plassen vert sagt opp innan då.

Oppseiing og endring av plass må skje elektronisk. Frist for oppseiing er 1 månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Ved oppseiing etter 1.april må det betalast til og med juni månad.

5. Foreldrebetaling

Foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Berekinga skjer etter sjølvkostprinsippet med utgangspunkt i § 13-7 i Opplæringslova. Fakturering skjer 11 gongar pr. år for barn med tilbod om 11 månader. Juli er då betalingsfri månad. Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juni og juli er betalingsfrie. Prisauke skal varslast 1 månad på førehand. Kvar SFO kan i tillegg krevja inn matpengar.

Følgjande opphaldstider vert lagt til grunn for fastsetjinga av betalingsssatsar:

Heil plass	15 t/v eller meir
Halv plass	7 -14 t/v
Korttidsplass	0 - 6 t /v
Søskenmoderasjon	30 % for søsken nr. 2 50 % frå og med søsken nr. 3

Søskenmoderasjon gjeld berre for fast månadsbetaling. Søsken må bu saman fast og ha same bustadadresse i kommunen for å få innvilga søskenmoderasjon. Søsken vert her definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken.

Det vert fastsett dagsats for tilfeldige heile dagar og betalingsssats for ekstra timar på SFO. Dagsats er gjeldande for heile SFO-året, men skal ikkje vera ei fast ordning. Kjøp av dagsats eller enkle timar skal berre vera til tilfeldig/sporadisk bruk, og ikkje som fast avtale. Då viser ein til satsar for fast plass.

Manglande betaling og for sein henting kan føra til tap av SFO-plass.

6. Bemanning og leing

Rektor på den einskilde skulen er ansvarleg fagleg og administrativ leiar for SFO. Rektor kan delegera daglege leiingsoppgåver til ein særskild leiar for SFO-ordninga. Det skal tilsetjast dagleg leiar på skulefritidsordning med meir enn 25 barn. I SFO med over 60 innmelde barn, skal det som

hovudregel tilsetjast dagleg leiar i full stilling. Det vert gjort ein samhovvande reduksjon av tid til leiing. Minimum 20 % av heil stilling skal avsetjast til leiing. Krav til SFO-leiar sin kompetanse er 3-årig relevant høgskuleutdanning. I dei andre stillingsheimlane skal det, så langt det er mogleg, tilsetjast fagarbeidarar i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Tilsette med anna relevant utdanning og/eller realkompetanse, vil også vera aktuelle.

Det skal som regel ikkje vera meir enn 14 barn pr. tilsett. Bemanninga kan styrkast ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging.

7. Leike- og opphaldsareal

SFO-areal ute og inne skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast. I Alver kommune er skulefritidsordninga lokalisert til den einskilde skule. Ein legg opp til stor grad av sambruk mellom kvar skule og SFO sitt uteareal, rom/spesialrom, hjelpemiddel, materiell og utstyr.

8. Skyss

Funksjonsfriske barn har ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Dette gjeld sjølv om barnet har rett til skyss til og frå skulen.

Barn som har plass i skulefritidsordninga, og som på grunn av funksjonshemming eller midlertidig skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten gjeld uavhengig av avstand mellom heim og skulefritidsordning. Retten gjeld ikkje i skuleferiane. (Opplæringslova § 7-3).